



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt
6. mai til 12. mai



Måndag 6. Kl. 17.00 - Seniordans - Hillestveit skule

Bli med på seniordans på Hillestveit. Sosialt og kjekt!



Tysdag 7. Kl. 10.00 - Seniortur (blått nivå) - Tindeslottet Vistvik (Fitjar)

Middels krevjande tur ilag med Bømlo turlag til Fitjar. Oppmøte ved parkeringsplassen på Svortland skule.

Kontaktperson: Martin Solnes, tlf 900 45 695.



Onsdag 8. Kl. 12.00 - Seniorsymjing - Bømlo symjehall

Arena for aktivitet, meistring, helse og sosialt samvær for vaksne. Ein kan symje i begge bassenga, alt etter kva ein ynskjer. Bill.pris kr 70.



Onsdag 8. Kl. 17.00 - Strikkekafe - Joker Finnås

Velkomen til strikkekafe i kaffikroken på Joker Finnås.



Fredag 10. Kl. 10.00 - Seniortrim - Bømløhallen

Trening i gruppe.

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

- Tenk brannførebygging

- Røykforgiftning er den største årsaka til dødsfall i brannar. Difor er det lurt å ha tenkt gjennom kva ein skal gjere og korleis ein skal kome seg ut om det byrjar å brenne, fortel leiar for brannførebygging Bjørn Hroar Sortland i Bømlo brann og redning. Han understrekar at brannførebygging i heimen er særskild viktig, og at det er mykje ein kan gjere for å sikra heimen.

Husbrannslange

Det er mange ulike hjelpemiddel å ha i heimen, som seriekopla røykvarslarar i alle rom, brannslukkingsapparat, brannteppe, komfyrvakt, tidsinnstillar på kaffitraktaren, brannstige med meire. Ein husbrannslange kan for mange vere enklare å bruka enn eit brannslukkeapparat.

Viktige tips er å aldri forlata elektrisk utsyr som er i bruk som til dømes vaskemaskin, tørketrommel o.l. Det same gjeld sjølvstekt levande lys. Kanskje bruk batterilyd i staden for?

- Det viktige for folk å tenkje på er sin eigen helsetilstand. Korleis kan du sikra heimen slik at du ikkje møter hindringar om det byrjar å brenne, til dømes ein stol som blokkerer terrassedøra. Sortland peikar også på at det er mykje god informasjon å henta om ladevettreglar og branntrygging i heimen.

Kontakt: Brannførebyggjar/feiar

Tlf. 917 14 199



Foto: Bømlo kommune

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

E-post:

postmottak@bomlo.kommune.no

Telefon: 53 42 30 00

Er det noko du saknar i dette informasjonsarket?

Ta kontakt på kommunetest@posten.no